



Byglandsnytt nr.40 – desember 2022

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune

Neste utgåve: 3. januar 2023. Send tips innan 23.12. – www.bygland.kommune.no

GOD JOL og GOD NYTTÅR
frå Bygland kommune



Jolehelsing frå ordføraren


Kjære sambygdingar

Jolehøgtida nærmar seg, og for mange er det ei tid for samvær med familie og vener, ulike joletradisjonar, men også ei tid for ettertanke.

Året 2022 vart heldigvis året der me igjen kunne leve utan strenge restriksjonar, der me kunne samle familie og venner, reise fritt og ta kvardagen tilbake, i all hovudsak som før pandemien ramma oss. Men Covid-viruset er ikkje borte, og det må me nok leve med. God vaksinerings av befolkninga har medført at me likevel kan leve som normalt.

Her hos oss i Noreg er situasjonen no slik at Jolehøgtida igjen kan feirast i tryggleik. Men med krig i Europa, er det ei kraftig påminning om at fred ikkje er ein sjølvsaft ting, og at ikkje alle er så heldige å kunne feire høgtida med familie og vener. Eg håper at alle får ei god jolehøgtid. Jola er ei høgtid der gledene og sorgene i livet vert forsterka. Eg håper difor at me alle saman kan vise litt ekstra omsorg til dei som synes jola er ei vanskeleg tid. Tid er kanskje den mest verdfulle gåva me kan gje kvarandre.

Eg vil takke alle tilsette i Bygland kommune som kvar dag står på for å gje innbyggjarane dei beste tenestane. Eg vil også takke alle folkevalde i ulike



råd og utval, og kommunestyre, for eit godt og konstruktivt samarbeid i året som snart ligg bak oss.

Takk til lag, foreiningar og frivilljuge for det uvurderlege arbeidet de gjer i vår kommune. De bidreg til eit godt bumiljø med aktivitetar og tilbod som gleder unge og eldre med mange gode opplevingar.

Ta vare på kvarandre, nyt høgtida og bruk litt av ho til ettertanke og takksemnd over kor heldig me er i vårt hjørne av verda.

Eg ynskjer dykk alle ei God og fredfull Jol. Takk for i år og eit riktig

Godt nytt år!

Sigbjørn Aage Færevik



Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **Rettleiingssenter i Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekontor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Evje legekontor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
tysdag	stengt	08.00 – 15.00
onsdag	stengt	08.00 – 15.00
torsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00
fredag	08.00 – 15.00	08.00 – 15.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Opningstider jol 2022

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** stengt i romjola (27. – 30.12.)
- **NAV Rettleiingssenter Bygland:** drop-in torsdag 29.12. kl. 12.00 – 14.00 (bruk ringeklokka ved hovudinngangen)



Evje og Bygland legesenter

- fredag 23. desember 2022: kl. 08.00 - 12.00
- måndag 26. desember 2022: Stengt
- tysdag 27. desember 2022: kl. 08.00 – 15.00
- onsdag 28. desember 2022: kl. 08.00 - 15.00
- torsdag 29. desember 2022: kl. 08.00 - 15.00 på Evje. Stengt på Bygland
- fredag 30. desember 2022: kl. 08.00 - 15.00

Avdelinga på Bygland held stengt følgjande dagar:

- måndag 5. desember 2022
- måndag 19. desember 2022
- torsdag 29. desember 2022
- **Folkebiblioteket i Bygland:** Ope torsdag 22. 12. kl. 13.00 – 15.00. Elles stengt i joleferie. Første dag i 2023: måndag 02.01.
- **Symjehallen på Bygland:** stengt i joleferien

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Formannskapet:** 06.12. kl. 13.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 13.12. kl. 09.00
- **Kommunestyremøte:** 15.12. kl. 09.00

Kunngjeringar

Offentleg ettersyn - Årsbudsjett 2023 og økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026
Sjå s. 7 - 12



Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Nye tilsette i Bygland kommune

Stabsleiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør

Aslak Jørundland Brekke starta den 21.11.22 i stillinga som stabsleiar samfunnsutvikling /assisterande kommunedirektør.



Foto: Setesdølen

Aslak er oppvaksen i Åmli og flytta tilbake til heimgarden saman med familien hausten 2021 - etter mange år i Oslo, Kongsberg og Kristiansand. Han er utdanna teolog med tillegg i norsk og internasjonal politikk.

Av arbeidserfaring kan nemnast teneste som feltprest i Telemark Bataljon samt FN og NATO teneste på Balkan. Han har vore nesten 12 år direktør ved Stiftelsen Arkivet i Kristiansand. Siste 3,5 år var han rektor ved den nyoppstarta folkehøgskulen på Evje. I tillegg har Aslak vore aktiv i fleire grunderprosjekt og ivrar for utvikling av distrikta (indre Agder!).

På fritida har han vore aktiv i idrett (volleyball) som utøvar, trenar og i styresamanhengar. Trenar gjer han framleis og er ein ihuga Telemarkkøyrar om vinteren.

Ledige stillingar

Fagarbeider/Barnehagelærer

Det er ledig eit 100% vikariat som fagarbeidar/barnehagelærer ved Bygland barnehage.

Tidsrom: 02.01. – 07.07.2023

Søknadsfrist: 5.12.2022

Webcruiter-ID: 4587207295



Heimehjelp

Det er ledig ei 50% fast stilling som heimehjelp ved Bygland kommune, Pleie- og omsorg.

Arbeidet består i å yte praktisk bistand i private heimar, hovudsakleg reingjering. Husvask, oppvask, klesvask og bestilling av matvarer.

Søknadsfrist: 31.12.22

Webcruiter-ID: 4591750845

*Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under meny punkt **Ledige stillingar***

Anna frå kommunen

Jolegåve frå Gullutstillinga i Bygland

Usikker på kva du skal gi i jolegåve? Det er framleis mogleg å sikre seg eit eksemplar av det unike smykket frå gullutstillinga som var på Bygland i haust. Smykket er ein replika av ein del av gullskatten som vart funne på Bygland i 1833 og kostar kr 1000 pr. stk.

Det er og mogleg å sikre seg ei t-skjorte (S - XXL) frå same arrangement, med bilete av same delen av gullskatten, til kr 200,-.

For bestilling, send e-post til post@bygland.kommune.no eller ring til sentralbordet på tlf. **37 93 47 00**.



Helse

Tilbod om oppfriskingsdose korona for personar mellom 18 og 64 år

Bygland kommune tilbyr no oppfriskingsdose for dei som ønskjer dette. Vi gjer merksame på at dette er eit **tilbod**, ikkje ei tilråding frå FHI. Med det meiner ein at det er heilt opp til den enkelte om ein ønskjer å få denne oppfriskingsdosen.



Vaksineringa går føre seg i leilegheita på nordsida av Byglandsheimen på følgjande dagar. (Etter alder)

- onsdag 7.12. kl. 9 - 15 for dei som er mellom 60 - 64 år
- torsdag 8.12. kl. 9 - 15 for dei som er mellom 50 - 59 år
- onsdag 14.12. kl. 9 - 15 for dei som er mellom 40 - 49
- torsdag 15.12. kl. 9 - 15 for dei som er mellom 18 - 39 år

Dersom det er mange som møter, vil ein måtte rekne med noko ventetid. Om du ikkje har høve til å møte, vil kommunen sette opp fleire vaksinedagar på nyåret.

Kva seier FHI?

Regjeringa opnar opp for oppfriskingsdose til personar i aldersgruppa 18 - 64 år utan underliggande risiko for alvorleg sjukdomsforløp.

FHI vurderer at gruppa 18 - 64 år utan underliggende risiko per no ikkje blir inkludert som ei av målgruppene som blir tilrådd ein ny oppfriskingsdose, men at det likevel blir opna opp for at dei som sjølve ønskjer det kan ta ein ny dose.

No kan du studere vernepleie der du bur

Hausten 2023 blir det mogleg å ta ein bachelor i vernepleie frå Universitetet i Agder, og samstundes kombinere det med livet du lever i Setesdal.



Tilbodet er utvikla i eit samarbeid mellom Universitetet i Agder, Lister kompetanse, Østre Agder samarbeidet og Setesdal interkommunalt politisk råd.

Det er eit stort behov i kommunane for kompetent arbeidskraft innan helse. Det er også ein god moglegheit for innbyggjarane våre til å få seg ei høgare utdanning nær heimstaden, seier Rita Hansen, dagleg leiar av Setesdal interkommunalt politisk råd.

Meir om utdanninga

Vernepleiarutdanninga inneheld både eit helsefagleg og eit sosialfagleg perspektiv. Studentane vil få ein allsidig kompetanse som kvalifiserer til arbeid med alle aldersgrupper innan helse-, omsorg og velferdstenester. Utdanninga er på deltid over 4,5 år, og er samlings- og nettbasert. I tillegg vil det vere krav om 30 veker praksis. Studentane vil få praksisplass i regionen dei tilhøyrer.

Kven kan søke seg inn på distriktsvenleg vernepleie?

Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Valle, Åseral, Iveland, Vennessla*

*Kun Hægeland (postnummer 4720 og 4721) og Øvrebø (postnummer 4715)

Få meir informasjon om studiet på www.uia.no/distriktsvennlig-vernepleie

Pleie og omsorg

Byglandsheimen: Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 - 14.00 (07. og 21.12.) Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03

- kl.11.15 - Stoltrim- tøy og bøy
- ca. kl.12.00 – Tema-prating, Vi ser i filmsnutt eller les ei tekst og pratar rundt dette.
- ca. kl.12.45- Bingo

Det vil bli servert kaffe.

Økonomi og administrasjon

Offentleg ettersyn - Årsbudsjett 2023 og økonomi- og handlingsplan 2023 - 2026

Formannskapet handsama årsbudsjett 2023 og økonomi- og handlingsplan 2023-2026 i møtet 16.11.22 og la det ut til offentlig ettersyn. **Stad:** Publikummottaket

Høyringsfrist: 13.12.2022



Sjå framlegg til budsjett 2023 og økonomi- og handlingsplan 2023-2026, samt presentasjon av budsjettet, gebyrregulativ for 2023 og protokoll frå formannskapsmøtet 16.11.22 nedst i denne saka.

I formannskapsmøtet blei det ikkje gjort endringar i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, men dei politiske partia skal handsame budsjettet i sine grupper i perioden fram mot kommunestyremøtet 15.12.22, der budsjettet blir endeleg vedteke.

Eit driftsbudsjett prega av utvikling av Presteneset, vernerundetiltak og oppussing av kulturbygg

Driftsbudsjettet er lagt fram som eit 0-budsjett der utgifter og inntekter balanserer. Det er ikkje budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond i 2023, eller resten av økonomiplanperioden, men ein gjer merksam på den store usikkerheita i tala, spesielt frå 2024 til 2026.

Høgt utbytte frå Agder Energi gjer at kommunen har eit visst handlingsrom i driftsbudsjettet i 2023. Av dette er det mellom anna sett av 6 mill. til rundkøyringa på Bygland. I skrivande stund er det riktig nok usikkert om kommunen må ta heile denne kostnaden sjølv. Sidan rundkøyringa gjeld kostnadar til investering på annan mann sin grunn, må desse kostnadane først i driftsrekneskapan. Det er eit rekkefølgekrav i reguleringsplanen for Presteneset at det må vere rundkøyring, så ho er difor ein essensiell del av utviklinga av Presteneset. Det opna seg også ein unik moglegheit til å investere i rundkøyringa når Statens vegvesen først hadde ein så stor sum å bruke på rundkøyringa (6,5 mill.). Det vil likevel bli jobba med å skaffe meir ekstern finansiering til kommunen sin del av prosjektkostnadane, og om ein lukkast med dette vert kostnaden til rundkøyringa lågare enn 6 mill. i 2023.

I tillegg så er det lagt opp til å prioritere fleire tiltak som har kome som innspel i samband med vernerundane ute på einingane. Dette gjeld for det meste bygningsmessige oppgraderingar og innkjøp av inventar, til

forbetring og rasjonalisering av arbeidskvardagen for dei tilsette. Ein har også funne rom til å prioritere måling av grendehusa i Åraksbø og Grendi, skifte glasskuppelen på Ose grendehus, måle alle bygga på stasjonsområdet på Byglandsfjord, restaurere pipa i Storstoga på Ose og utbetre AV-anlegget i Årdalshallen, for å nemne noko.

I tillegg kan det nemnast at det kommunale eigedomsselskapet Byglandstunet AS har budsjettert med å leggje til rette for ungdomsklubb der biblioteket er no, og bibliotek i næringslokala kor det var gullutstilling i haust. Det vert og sett av ein sum til oppgradering av uteområdet, samt summar til nytt ventilasjonsanlegg og ombygging i samband med omorganisering i kommuneadministrasjonen.

Av andre nye tiltak i driftsbudsjettet, så kan det nemnast at UNESCO-prosjektet Gorrlaus er prioritert med kr 350.000 i åra 2023 til 2025, medan IKT Agder ligg inne med ein ekstraordinær kostnad i 2023 på 1,8 mill., mellom anna til ei særns naudsynt oppgradering av kommunen sitt fagsystem på økonomi. Ein reknar med at det vert lågare skuldrer og færre grå hår på økonomikontoret etter oppgraderinga.

Reduksjon i kommunale avgifter for fleire eigedomar

Mellom anna utviding av leidningsnettet for å få fleire påkopla dei kommunale anlegga, samt kommunestyrevedtak om å nytte faktisk levetid på anleggsmidla innanfor vatn og avlaup, gjer det mogleg for kommunen å redusere vass- og avlaupsgebyra i 2023, trass renteauke. For 2023 vert det gjort følgjande endringar på kommunale avgifter:

Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.)	vert redusert med 3,9 %
Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.)	vert redusert med 0,7%
Slamavgift	vert ikkje endra
Tilkoplingsavgift for vatn	vert ikkje endra
Tilkoplingsavgift for kloakk	vert ikkje endra
Renovasjonsavgift hus	vert auka med 3,2%
Renovasjonsavgift hytte	vert auka med 3,2%
Feieavgift	vert auka med 37,1%

Dette svarar til ein samla reduksjon på 0,1 % for ein bustad på 150 kvadratmeter utan vassmålar. Når ein legg til grunn at ordinær lønsvekst

for neste år er estimert til 4,2 %, vil desse endringane i kommunale avgifter innebere større økonomisk handlingsrom for kommunen sine innbyggjarar i 2023. Andre kommunale gebyr vert endra i samsvar med forslag til gebyrregulativ, som vert lagt fram som ei eiga sak.

Ein vil og gjere merksam på at kommunen subsidierer innbyggjarane med om lag 1,8 mill. på avlaupsområdet. Alternativet hadde vore å ha full inndecking for kostnadane på dette området, men då vurderer ein at gebyra ville blitt uforholdsmessig høge for innbyggjarane.

Høg gjeld, stigande rente, høg lønsvekst og høge straumkostnadar

Ved slutten av 2021 var den langsiktige gjelda på eit høgare nivå enn for gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 14, som består av kommunar på 600-2000 innbyggjarar, med samanliknbare økonomiske rammevilkår som Bygland. I tillegg så ligg nøkkeltalet for langsiktig gjeld heile 17 prosentpoeng over målalet. Grunna statleg trekk på rammetilskotet knytt til konsesjonskraft på 15 mill. (usikkert tal, då endeleg fordeling ikkje er klar enno), vert det ikkje mogleg for kommunen å betale ned gjeld i 2023 som ein hadde planlagd, men i resten av økonomiplan-perioden (2024-2026) vert det lagt opp til reduksjon i gjelda. Dette er veldig usikre tal sidan rammevilkåra for desse åra er endå meir usikre enn for 2023.

Ei stadig stigande rente er eit bekymringsmoment for kommunen i 2023. Renta er på sitt høgaste på ti år og framleis stigande. Kommunen har brukt prognosane til Kommunalbanken for å budsjettere rentene i 2023, og dette budsjettet er om lag dobla samanlikna med opphavleg budsjett 2022.

Høg estimert lønsvekst i statsbudsjettet gjer at kommunen må setje av ein større pott til lønsforhandlingar enn på lenge. Lønsvekst på 4,2 prosent svarar til ein lønspott på godt og vel 3,3 millionar i kommunen sitt budsjett for 2023. Dei høge straumkostnadane gjer og at det samla straumbudsjettet må justerast opp med om lag 2,5 mill.

Investeringar innan samfunnsutvikling, kultur, energiøkonomisering og digitalisering

Kommunen held fram utviklinga av Presteneset ved å prioritere ferdigstilling av rundkøyring, samt opparbeiding av infrastruktur innan veg, vatn og avlaup. I tillegg vert det føreslege å gjere fleire investeringar innan kultur, friluftsliv og idrett, der turveg på Byglandsfjord, dagsturhytta, nytt ventilasjonsanlegg til symjehallen, nytt kjøkken, ventilasjonsanlegg og ljøs til kulturscenen, rehabilitering av Priveten, og maling av alle bygga på stasjonsområdet, vert blant prioriteringane.

I 2023 vert det foreslått investeringar innanfor fleire ulike sektorar, i tillegg til investeringane innanfor samfunnsutvikling og kultur. Mellom anna gjeld dette vatn, avlaup, skule, pleie og omsorg, digitalisering, næring og klima/miljø. Sistnemnte dreier seg om energiøkonomisering, som er eit særrelevant tema i samband med den energikrisa me opplever i Noreg og Europa for tida. Slike investeringar vil føre til både miljømessig og økonomisk gevinst i framtida, ved at energiforbruket og energi-kostnadane vert reduserte. I tillegg så legg ein til grunn at investeringa i leilegheit på Bygland (jf. kommunestyre-vedtak 05.11.20) vil føre til auka husleigeinntekter, og at utviding av VA-leidningsnettet vil gi høgare inntekter på sjølvkostområda for vatn og avlaup. Med fleire planlagde påkoplingar i samband med dette prosjektet, og sågar fleire abonnentar å dele kostnadane med på vatn og avlaup, kan kommunen faktisk føreslå å redusere gebyra på vatn og avlaup. I tillegg så ser ein det som aktuelt å investere i oppgradering av digital infrastruktur på fleire kommunale bygg for å ruste kommunen for digitaliseringa i åra som kjem.

Det er lagt opp til investeringar på totalt kr 9 mill. i 2023, som inneberer ei auke i gjeld, men til gjengjeld vil nokre av investeringane føre til inntektsauke og kostnadsreduksjon i driftsrekneskapen. Likevel vil ein gjere merksam på at kommunen ikkje bør leggje investeringsnivået i 2023 høgare enn det som er føreslege, og det er difor føreslege å gjere ein del investeringar i 2024 og utover også.

Usikre kraftinntekter, statleg trekk og auka grunnrenteskatt

I statsbudsjettet for 2023 er det føreslege å redusere rammetilskota med til saman 3 mrd. for kommunar med konsesjonskraftinntekter. Det er estimert at dei same kommunane får til saman 11 mrd. i konsesjonskraftinntekter i 2023. Regjeringa grunngir trekket med at kommunar som får betydelege meirinntekter i 2022 og 2023 må dele deler av desse inntektene med fellesskapet. Det er framleis usikkert kor stort dette trekket vert, men Konesjonskraft IKS (KIKS) har estimert eit mogleg beløp på om lag 15 mill. for Bygland isolert sett. Kommunen får ikkje sikre tal før i desember 2022. Difor herskar det stor usikkerheit rundt rammevilkåra for 2023. Konesjonskraftinntekta før statleg trekk er på nesten 32 mill., som er ei sikker prognose. KIKS legg til grunn konsesjonskraftinntekter på 25,5 mill. årleg i åra 2024 til 2026. Etter at denne prognosen vart laga, har straumprisane gått betydeleg ned, og kommunen har difor lagt seg på ei meir konservativ prognose, med 17 mill. i 2024, 14 mill. i 2025 og 12 mill. i 2026. KIKS har elles i sin prognose lagt til grunn at inntektene i eit «normal-år» bør ligge rundt på rundt 12 mill., men i deira prognose er ikkje dette

talet lagt inn før frå 2027. Konesjonskraftinntektene er sterkt korrelerte med straumprisane, og den store variasjonen i straumprisane dei siste månadane viser at ein må leggje inn ein stor grad av usikkerheit knytte til framtidige konesjonskraftinntektsprognoser.



Sidan slutten av 2020 og fram til no har straumprisane variert mellom 0 i november 2020 til om lag 550 øre per MWh i august 2022, og i seinare tid har prisen sågar begynt å nærme seg 100 øre. Dette illustrerer usikkerheita i kraftmarknaden, og usikkerheita med omsyn til kommunen sine framtidige kraftinntekter.

Eigedomsskatteanslaget for 2023 er på kr 11.000.000, som er litt høgare enn nivået i 2021, og vesentleg høgare enn nivået i 2022. Merk at det samla anslaget for eigedomsskatteinntektene er særst usikkert fordi eigedomsskattegrunnlaga for vasskraft ikkje er klare før etter budsjettet er lagt fram til handsaming. Ein må difor kome tilbake til kva faktisk prognose for 2023 skal vere. Årsaka til at ein legg til grunn ei auke samanlikna med 2022 er at eigedomsskattegrunnlaga vert berekna på bakgrunn av eit rullerande 5-årleg gjennomsnitt av nåverdien av kraftverka si nettoinntekt. For 2022 var åra 2016-2020 grunnlag for berekningane, medan i 2023 er det åra 2017-2021 som er grunnlaget. Sidan straumprisane og forventa inntekt er venta å vere vesentleg høgare i 2021 enn i 2016 (som forsvinn ut av berekninga) legg ein til grunn høgare inntekter i 2023, men, som nemnt, tala er veldig usikre.

Regjeringa har og føreslege i statsbudsjettet å auke grunnrenteskatten frå 37 til 45 prosent. Dette vil få negativ effekt på både kommunen sitt utbytte frå Agder Energi, samt nivået på eigedomsskatteinntektene, frå og med 2024. Det er ikkje mogleg å talfeste kva for konsekvensar dette vil ha.

Demografi og levekårsutfordringar

Budsjettet for 2023 er i stor grad prega av dei demografiske utfordringane som rår i kommunen, kor det vert fleire og fleire eldre og stadig færre yngre. Den budsjettmessige konsekvensen av dette er at eininga Pleie og omsorg sitt budsjett er auka med over 9 prosent sjølv om den kommunale kostnadsindeksen (deflatoren) berre er 3,7 % for 2023. Det er i tillegg vanskeleg å få tak i tilsette innanfor denne sektoren. Ei viktig prioritering for kommunen er å gjere denne eininga robust og rusta for framtida, for prognosane seier at det berre vil bli fleire og fleire eldre og pleietrengande i framtida, som ein og kan sjå av figuren under.



Denne framskrivinga er gjort av SSB og viser at aldersbæreevna vil minke frå 2,4 i 2022 til 1,8 i 2040. Aldringa er også betydeleg sterkare i Bygland enn det som er gjennomsnittet for Agder. Tal frå tabell 11820 hos SSB viser at kommunen hadde både færrest fødde per 1000 innbyggjarar og flest døde per 1000 innbyggjarar i Agder i 2021. Den same tabellen viser og at kommunen har fjerde flest uføretrygda i Agder i aldersgruppa 18-66 år per 31.12.21.

I andre enden av aldersskalaen har kommunen ein oppvekstsektor som har utfordringar med at det etter kvart kan bli for få barn til at det er forsvarleg å drive vidare med den oppvekststrukturen kommunen har i dag. Viss ikkje ein klarar å snu denne utviklinga vil kommunen på sikt ikkje ha anna val enn å gjere strukturelle endringar innanfor denne sektoren. Å snu denne trenden er eit ansvar som heile kommunen må ta, ikkje berre oppvekstsektoren. For å klare det må ein arbeide heilskapleg og langsiktig med stadutvikling og nærmiljø, attraktivitet, kultur og miljø.

Drift og forvaltning

Viltband til utdeling

Ved viltpåkøyrslar må ein alltid markere kvar påkøyrsla skjedde. Eit viltband i bilen skulle difor alle ha. Viltband kan du få i dagligvareforretningane, Shell og i resepsjonen på kommuneshuset. På bandet står det òg kva du skal gjere om du er uheldig og køyrer på eit dyr.



Hausten er tid for viltpåkøyrslar - kva skal du gjere om det skjer?

Å køyre på ein elg eller eit rådyr kan vere både skremmande og farleg. Ein viltpåkøyrsel medfører materielle skadar, lidingar for dyret og det kan også medføre personskade

Ved viltpåkøyrsel

1. Du må vurdere eigen risiko. Har viltulykka skjedd på 4-felts høghastigheitsveg, skal du ikkje gå ut av bilen for å sikre området, men ringe **02800** umiddelbart. (Får du ikkje svar, ring 112)
2. Sikre skadestad
 - Plasser bilen slik at den er godt synleg og skjermar skadestaden.
 - Sett på nødblinsk og parkeringsljøs. Nærlyos kan blende møtande.
 - Ta på refleksvest og set ut varseltrekant.
3. Ring politiet på 02800 (evnt. 112). Politiet varslar dei lokale viltansvarlege.
4. Bruk merkebandet til å markere påkøyrselstaden tydeleg - eller der dyret forlot vegen.
5. Diriger trafikken om naudsynt

Følg aldri etter skada vilt. Viltet kan angripe, og spora dine kan øydelegge for søkehunden.

IVARETA TRIKSIKKERHEITA TIL FALLVILTMANNSKAPA

Dei gjer ein stor innsats med å avlive skada vilt og fjerne døde dyr frå vegbanen.

VIS OMSYN! Hald god avstand og køyr roleg forbi.

Ansvar

- Du pliktar å varsle om påkøyrsel av dyr, sjølv om du trur det er uskadd.
- Du risikerer avkorting av forsikringserstatninga og bonustap om ulykka ikkje blir rapportert og registrert.
- Skadde dyr lir. Di varsling er viktig for at dyret blir funne så raskt som mogleg.
- Avliv aldri eit større dyr. Den avgjersla skal fallviltansvarleg eller politi ta.

Vilt på ville vegar

Mange tusen elg, hjort og rådyr blir drept i vegtrafikken kvart år i Noreg. Risikoen for å møte vilt på vegen er høg heile året.

DETTE BØR DU HA I MINNET OM DYRA:

- Hjortedyr går ofte saman.
- Viltet er meir på vandring i skumring og grålysing, og meir på natta enn på dagen.
- I snørike vintre søker viltet gjerne til lågareliggende område og til brøyta vegar.
- Det er ekstra stor fare for viltpåkøyrsel i kalde periodar og etter større snøfall.
- I mai-juni støter elgkua bort eittårskalvane. Risikoen er stor for at kalvane kjem ut på vegen! Hos rådyr søker ungbuukkane ut på eigahand, med fare for å bli påkøyr.
- Grønne jorder er ein stor fristelse for hjorten. Er det dyrka mark på båe sider av vegen, bør du vere sæleg merksam og senke farten.
- På seinsommaren og hausten er det bærplukkarar og jegarar i skogen. Då er det også brunsttid. Altså mange grunnar til at viltet er meir i bevegelse.

Dyret kjem alltid brått på!

- Varselskiltet varslar ein reell fare. Det at du ikkje har møtt vilt på ville vegar på lang tid, gir ingen tryggleik, men heller auka moglegheit for at det er din tur.
- Å halde fartsgrensa kan faktisk vere for høg fart. Senkar du farten frå 80 til 70 km/t, reduserer du risikoen med 50 prosent.
- Sveip med blikket slik at du får med deg spor i snøen, eventuelle rørsler i vegkanten og refleksjon frå dyreauge.
- Kjem eitt dyr, kjem ofte fleire. Brems og ver merksam.
- Ha alltid rein og klar frontrute, reine lykter og rett justert ljøs.

Ny regional vassforvaltningsplan

Noreg har i 2007 via EØS samarbeidd innført EU's vassrammedirektiv via vassforskrifta, som er heimla i naturmangfaldslova, forurensningsloven, vassressurslova og dessutan plan og bygningslova.


Formålet med vassforskrifta er kort fortalt å oppnå god vasskvalitet i alle vatn der det er



realistisk, sett i forhold til kostnader. Ein måler kvaliteten ut frå både økologiske og kjemiske parametrar, og det ligg i forskrifta at det som hovudregel ikkje skal vera tillat å gjera inngrep som ringast tilstanden eller gjer at miljømålet ikkje er mogleg å nå.

Noreg er delt opp i vassregionar, stort sett etter fylkesgrenser, og desse er då igjen delt opp i vassområde. Bygland høyrer saman med Bykle, Valle, Evje & Hornes, Iveland, Vennesla og Kristiansand under Otra vassområde. For å oppnå mål om god tilstand blir arbeidd med å registrera kva som påverkar vatn negativt, kva tiltak som kan utførast for å redusera påverknadene, og sjølvstøtt med å realisera tiltaka. Nokre påverknader og tiltak høyrer under Statsforvaltaren, nokon under NVE, andre under Statens vegvesen og atter andre under kommunane m.fl.

Miljøtilstand- og miljømål-klassifisering



Det er generelt mål om minst å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i alle vatn med enkelte unntagelser. Illustrasjon frå vannportalen.no

Den regionale vassforvaltningsplan er utarbeidd av vassregionen og nettopp godkjent av miljødirektoratet. Den beskriv kva som skal vera fokus og prioritert i perioden han gjeld i (2022-2027), og byggjer på føringar frå

regjeringa, men med utgangspunkt i regionale forhold. Kommunane og resten av sektorstyresmakter på vassområdet kan derfor sigast å ha fått ein ny regional plan å ta omsyn til eksempelvis innan emne som minstevassføring, landbruk, vatn og avløp eller plan og byggjesaker. Kommunane og resten av styresmakter må derfor integrera planen i alt arbeid som har med vatn å gjera.

Les meir om vassforvaltning på <https://www.vannportalen.no/>.

Plan og miljø


Folkemøte om utvikling av Presteneset, tysdag 29.11. i Bygland kulturscene. Arr. Bygland kommune, Plan og utvikling

Om lag 60 interesserte deltok i presentasjonen av mogleighetsstudien av Henning Larsen arkitekter. Studien skisserer mogleg utvikling av Presteneset med både næringsbygg og bolighus, fritidsområde og utvida drift av nåværande bygningsstruktur (Bygland museum med Prestegården (Bygland frivilligsentral og BUA-løya), Stoga, Brygga og Tesla-stasjon.



Dei fleste i publikum var positive til mogleighetsstudien. Etter presentasjonen vart det diskutert ivrig, og eldre og unge uttalte seg.

Bygland står på plass 355 or 356 kommuner i Noreg, når det gjelder utvikling i private arbeidsplassar 2001 – 2021. Takk være våre lokale bedrifter har trenden snudd i 2022.



Utviklingen av Presteneset skal sette Bygland på kartet.

Bu på hytta - kriterium for å kunne bruke hytta som bustad

Mange kontaktar kommunen for å høyre kva som skal til for å kunne bruke hytta som bustad.

Kommunestyret i Bygland har gjort vedtak

om at Bygland kommune opnar for å, etter søknad, gi dispensasjon og løyve til bruksendring av fritidsbustader til heilårsbustader etter plan- og bygningsloven, med mål om fast busetjing i fritidsbustader.



Bilete: pixabay.com


Finn dei vedtekne kriteria på kommunen si heimesida: bygland.kommune.no/nyhetsarkiv.522187.nn.html

Vi kan og sende dokumenta heim til deg. Bestill via e-post til post@bygland.kommune.no eller ring til kommunen på tlf. 37 93 47 00

Kultur

Folkebiblioteket på Bygland med ei samling av jolebøker

Biblioteket har samla både gamle og nye fortellingar om jolehøgtida. Kom innom med barna. Finn deg triveleg jolelektyre eller lån med ut bøker til koseleg adventsstemming for heile familien heime.





Ferietilbud i vinterferien 2023

Blå Kors ferier arrangerer **gratis vinterferie for barnefamilier** som har rusavhengighet, psykiske utfordringer eller vedvarende lavinntekt **tett på livet**.

Uke 8: Vinterferie på Brennabu i Valdres
Mandag 20. - torsdag 23. februar.

Uke 8: Vinterferie i Abra Havn i Kristiansand
Tirsdag 21. - fredag 24. februar.

Uke 9: Vinterferie i Abra Havn i Kristiansand
Tirsdag 28. - fredag 3. mars.

Søknadsfrist 8. januar 2023

Blå Kors Ferier
Gyldenløves gate 60, 4614 Kristiansand
E-post: ferier@blakors.no (kun for spørsmål)

Se blakors.no/ferier for mer informasjon og søknadsskjema.

Blå Kors ferier

I sentrum står et menneske

Søknadsfristen er **08.01.2023**

Oppvekstsentra i Bygland kommune

Joleferie 22.12.2022 – 02.01.2023

Vi ønsker alle elever og tilsette

GOD JOL OG GODT NYTTÅR



Besøk frå den kulturelle skulesekken:

Produsent Kristian Mosvold

Ungdomsskulen fekk besøk av den kulturelle skulesekken tysdag 1.11.

Der synte filmprodusent Kristian Mosvold filmen "Oh dear Sarah".

Filmen handlar om Sarah som var taxisjåfør



Billete: Bygland oppvekstsenter

i Afghanistan. Det har vore svært uvanleg, og for mange uhørt at kvinner har slike yrke i landet. På filmen fekk me innblikk i hennar kvardag, både privat og på jobb. Då Taliban overtok makta i august 2021, fekk ho høve til å flykte i lag med filmteamet. Ho bur no i Portugal.

Etter filmen var det videomøte med regissøren og Sarah. Dei bur båe i Portugal. Skulen fekk då høve til å stille dei spørsmål.

Det var ein interessant og lærerik økt for alle partar! Takk til den kulturelle skulesekken som kan kome slike tilbod.

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

Kontakt

Sokneprest:

Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i desember

- tysdag 06.12. kl. 14.00 v/ Kjell Steinbru
- tysdag 20.12. kl. 14.00 v/ Knut Gakkestad



Gudstenester (med atterhald)

laurdag 24.12.

- kl. 13.00, Byglandsheimen v/ Knut Gakkestad (prest vikar)
- kl. 14.30 Bygland kyrkje. Jolekvelden v/ Knut Gakkestad (prest vikar) og Knut Olav Uppstad
- kl. 16.00, Årdal kyrkje, Grendi. Jolekvelden, v/ Kjell Steinbru og Knut Olav Uppstad

sundag 25.12.

- kl. 16.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø. Høgtidsgudsteneste v/ Frode Eikrem og Knut Olav Uppstad

sundag 01.01. kl. 11.00, Årdal kyrkje, Grendi. v/ Kjell Steinbru

Konfirmantsamlingar på Vonheim bedehus, Bygland v/ Frode Eikrem og Malin Hegenscheidt

- torsdag 01. desember, kl. 14.45 – 15.45

Kyrkjelyden si heimeside: bygland.kyrkelyd.no

Anna trussamling

- onsdag 07.12. kl. 19.00 Vonheim, Bygland – **Israelmøte** «Israel og det profetiske ordet». Gordon Tobiassen talar. Enkel bevertning. Kollekt. Alle hjarteleg velkomne



*Bilete: Bygland kyrkje.
Fotograf: S. Hegenscheidt*



Bilete: Sandnes kyrkje.



*Bilete: Vonheim bedehus
Fotograf: Siri Johannesen*

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar:

- **BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

Andre aktiviteter:

- **Seniorsenter:** annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11.00 – 14.00, Pakkbua på Byglandsfjord (**kun 05.12.**)
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**kun 06.12.**)
- **Bygdemiddag:** annakvar tysdag kl. 16.30 – 18.00, (**ikkje i desember**)
- **Open dag i Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-14.00
- **Styrketrening:** torsdagar kl. 13.00-14.30, Byglandshallen (**siste 15.12.**)
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag, kl. 18.00 – 20.00 (**ikkje i desember**)
- **Språkkafé:** annakvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (**kun 06.12.**)
- **Onsdagsklubben i Årdalshallen:** annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19.00 – 20.30 for 5.-7. klasse (**ikkje i desember**)

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider, **siste dag i 2022: måndag 19.12.**)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) – **neste 16.12.** og

lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen) – **neste 17.12.**

Jolegåvetreet

Bygland Frivilligsentral er også i år med på Jolegåvetreet. Trea står framfor Joker Bygland og Coop Prix på Byglandsfjord. Jolegåve-ønskjer kan meldast på epost eller pr sms til

anne.fauske@bygland.kommune.no

eller sms: 945 10 770. OBS: i år vert det kun born opptil 18 år som kan ønskje seg gaver i denne samanheng.

Så fort me har fått inn ønskje, kan du som



vil kjøpe gåver hente deg ein lapp og sette i gong 😊

Med det gleder du mange!

Takk til flotte frivillige som hjelper med dette!! De er gull verdt!

Jolegateopning 25.11. kl. 17.00

Veret var ikkje på vår side, men kva gjer vel det når humøret er på topp? Takk til rause Joker Bygland som donerte graut-ingredienser, fakler, godteri, og ikkje minst hadde dei tipsa nissen! Takk for frivillig innsats i høve lysmontering, jolegrautkoking og servering, rydding mm.

Frivillighetens Dag 2022

Bygland frivilligsentral inviterer alle frivillige tilknytt sentralen til Frivillighetens dag 2022, måndag 5. desember kl.18.00, Setesdal Hotel

Varme strikkevarer mot kalde dagar

I ein hurtigaksjon ble det samla inn ullklede til flyktingane frå Ukraine som kom til Bygland om sommaren, og no hadde behov for varme vinterstrikkevarer.

Takk til alle som bidro! ☺

Innspel frå Rådet for eldre og funksjonshemma

Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, har i vinter eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen.

I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter. Dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ein tom bytte, sette den ned og ta med ei full. - For kontakt ring heimesjukepleien tlf. **952 34 632** eller Frivilligsentralen tlf. **945 10 770**. For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned navnet sitt.

Mobil passkontor

Dei siste åra er det lagt ned over 60 passkontor i Noreg. No når pass- og ID-busser på hjul fram til innbyggjarar i distrikta.



Foto: politi.no

For å bruka dei mobile passkontora kan ein bestilla time på nettsidene til politiet, på same måte som for vanlege, stasjonære pass- og ID-kontorer. Når du legg inn stad eller postnummer i timebestillingen, får du opp det næraste kontoret ditt, og dersom eit mobilt pass- og ID-kontor har stoppestad i nærleiken, kjem det opp som eit alternativ.

Kjøreruter mobile pass- og ID-kontor (passbuss)

- **VALLE:** Valle og Bykle politistasjon, Kjellebergsveien 12, 4747
Valle: **onsdag 7. desember 2022**
- **EVJE:** Bygland, Evje og Hornes politistasjon, Verksvegen 4, 4735
Evje: **torsdag 8. og fredag 9. desember 2022**

Tømekalender for Bygland kommune – desember 2022

- **Matavfall** og **glass/metall:** veke 48: torsdag 01.12.
- **Matavfall** og **restavfall:** veke 50: torsdag 15.12.
- **Papir** og **plast:** veke 52: tysdag 27.12.
- **Matavfall** og **glass/metall:** veke 52: torsdag 29.12.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (14.12.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (**STENGT 25.12.**)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (10.12.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 40:

Bilete: Framside: Jol i Bygland sentrum av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: S. Hegenscheidt. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg. Byglandsnytt januar 2023: 03.01., skrivefrist 23.12.

GOD JOL!



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Ingen visning i desember

Ymse

BYGLAND TURIST-KONTOR på Stoga kulturkafé

Presteneset 10, 4745
Bygland: sundagar kl.
11.00 – 17.00, kaffe &
meir, tlf. **907 81 105**



Bilete: Olav Grendstad

STOGA

Jolemangfoldsfest, fredag, 16.

november kl. 19.00

God mat, god drikke (alkoholholdig må kaupast), dans, underhaldning, kviss, gama og meir, for nyankomne og etablerte byglendingar. Fri entre ved tilmelding innan sundag 11. desember til Stoga-FB, Gro Tove FS, Marianne HH, Olav G på ein eller på annan måte. Avgrensa tal plassar. Festen er støtta av og i samarbeid med Bygland Kommune.

Stoga-telefon: 90 66 54 59



God mat, god drikke (alkoholholdig må kaupast), dans, underhaldning, kviss, gammanna og meir, for nyankomne og etablerte byglendingar

Jolemangfoldsfest



Stoga, Bygland

Fredag, 16. november kl. 19.00

Fri entre ved tilmelding innan sundag 11. desember til Stoga-FB, Gro Tove FS, Marianne HH, Olav G på ein eller på annan måte. Avgrensa tal plassar. Festen er støtta av og i samarbeid med Bygland Kommune.

Stogatelefon 90 66 54 59



JOLEMARKED
Ose Grendehus
Laurdag 3 Desember
Kl: 12-16
* Flotte utstillarar
* Sal av mat og drikke
* Aktivitetar for borna

Bygland Husflidslag


JOLEKONSERTER

Er det jol atte? – Konsert med Kong Hanes Eftf., laurdag 03. desember kl.19.30 i Ungdomshuset på Bygland (Kjøpmannsgate 8) Inngang kr. 100 går til Leger utan grenser til minne om Leiv.

OBS! 18-års-grense grunna sal av alkohol!



Bygland Hornmusikk - Jolekonsert laurdag 10. desember kl. 17.00, Bygland kyrkje



Me syng jola inn – Konsert med Vonheimkoret, søndag 18. desember kl. 18.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø Organist: Knut Olav Uppstad Dag i kyrkjeåret: 4. søndag i adventstida Prekantenkst: Luk 1,46-55



Jolekonsert 2022 - Kulturskole i Bygland og Evje og Hornnes, måndag 12. desember kl. 18.00 på Evjemoen kino & scene

Velkommen alle elevar, foreldre og interesserte!



Jolefest i Setesdal Spelemannslag,
onsdag 28.12. kl. 19.00 på Setesdal hotell,
Bygland

Middag, konsert med **Lars Erik Øygarden,**
pub, dans og open scene.

Pris: 395,-

Overnatting med frukost: 1000,-

Påmelding til Gunnar Ose innan 22.12.:

tlf. 90822 871 eller gdose@gmail.com

For overnatting: tlf. 989 01 600



ADVENTSOPEN KAFÉ på Bygland

Stoga kulturkafé, kvar adventssundag kl.
11.00 – 17.00

Vert: Olav Grendstad

Bjoren Brygge, søndag 4. desember kl.
14.00 – 18.00. Kaffe og dessert.

Vert: Nina Bygland



SETESDAL SOGELAG

SETESDAL OG SETESDØLAR 2022

☆ Vårt forslag til jolegåve er årsskriftet
med mange interessante artikler.

Årsskriftet får du kaupe for 150 kr her:

Norli Kr sand, Berges bokhandel, Bunnpris
Stray, Norli Vennesla, Spar Skarpengland,
Esso Hægeland, Kolonial Hornnes, Spar
Evje, Norli Evje, Coop Byglandsfjord, Joker
Bygland, Turistinformasjon Bygland, Coop

Ose, Coop Rysstad, Coop Valle, Joker Valle, Setesdal Husflid, Coop Bykle,
Coop Hovden, Kiwi Hovden, Hovden Kunsthandel og Hovden Grendehus.

☆ Eldre årsskrift kan du kaupe for 100 kr på Coop Ose og Setesdal
Husflid. Eller du kan sende ei melding til setesdal.sogelag@gmail.com
eller sms/ringe tlf. 90052757 (Torggrim Nordgarden).



FRAMSTEG 4H: Plakettfest, laurdag 26.11. Grimstad vertshus og Kro



Sigbjørn Aage Fossdal, ordfører i Bygland, med dei fem Framsteg 4H representanter frå Bygland. Begge bilete: Inger Tone Homme

Plakettmottakarane frå Framsteg 4H var **Åsne Langfeldt, Jorunn Skjevraak, Guro Besteland, Ånund Homme Egge og Roald Kvaale Skibsrud.**

Plaketten får ein når ein har gjennomført 7 4H-prosjekt. Då tel ikkje prosjekta ein har som aspirant. Årets plakettmottakarar hadde alle gjennomført 9 prosjekt. For meir info. om merkesystemet til 4H sjå: <https://4h.no/for-4h-ere/merkesystemet/>

Plakettfesten vart arrangert av 4H Agder.

I tillegg til å få sjølve plaketten, fekk dei fem ungdomane blomar og eit gåvekort på 1000 kroner frå Bygland Kommune.



Plakettmottaker i 4H Agder 2022



KVA SKJER I BYGLAND?

Desember 2022

**GOD JOL OG
GODT NYTTÅR**

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
laurdag 03.12.	Bygland husflidslag, Ose grendehus	12-16	Jolemarknad
	Kong Hanes eft, Ung- domshuset, Bygland	19.30- 20.30	Konsert: Er det jol atte?
sundag 04.12.	Stoga kulturkafé	11-17	Advents-open
	Bjoren Brygge	14-18	Advents-open
tysdag 06.12.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
laurdag 10.12.	Bygland hornmusikk, Bygland kyrkje	17.00	Jolekonsert
måndag 12.12.	Kulturskule, Evjemoen kino	18.00	Jolekonsert 2022
fredag 16.12.	Bygland Ungdoms- klubb, Byglandsfjord	18-21	Fredagsklubb i Årdalshallen 5.-7. klasse
	Stoga / Bygland kommune	19.00	Jolemangfoldsfest for nye og gamle Byglendingar
laurdag 17.12.	Byglandshallen	14-17	Open hall
	Byglandshallen	19-23	Laurdagsklubb 8.kl-VGS
sundag 18.12.	Vonheimkor, Sandnes kyrkje	18.00	Konsert: Me syng jola inn
onsdag 21.12.	Skulane i Bygland		siste skuledag
laurdag 24.12.	Byglandsheimen	13.00	Gudsteneste
	Bygland kyrkje	14.30	Jolekvelden
	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Jolekvelden
sundag 25.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	16.00	Høgtidsgudsteneste
onsdag 28.12.	Setesdal Spelemanns Lag, Setesdal hotell	19.00	Jolefest i Setesdal Spelemannslag

Aktivitetar til Bygland frivilligsentralen: sjå s. 20